

Styremøte i Hordaland folkemusikklag mandag 28.september

1. Kort gjennomgang av referat frå førre styremøte, 25.05.20. Referat ligg på HFL si nettside.

2. Nye søknader

To innkomne før sist søknadsfrist 1.august, to etter. Følgjande søknader vart handsama:

			Omsøkt	Løyvd
2020/10	Sommarkurs	BUL Ervingen	5 000	5 000*
2020/11	Folkemusikkprosjekt	Åsane unge strykere	20 000	10 000
2020/12	Juniorsamling	Osterøy Spel og Dansarlag og Nordhordland	15 000	15 000
2020/13	Rekrutteringsprosjekt	Hardanger Spelemannslag	10 000	10 000

*Åslaug undersøker om kurset vart gjennomført.

Alexander kontaktar søkerane, og sender løvvingsbrev + rapportskjema.

Neste søknadsfrist er 1.november. Restsum til løvving ifølgje 2020-budsjetten: kr 5000.

I tillegg kjem kr 13 000 i løvvde, ikkje innrapporterte midlar frå 2018.

3. Tidlegare løvvingar, status

Alexander purrar på to uteståande rapportar frå 2019 (prosjekta UngOsa og Dansens dagar Voss), på til saman kr 11 000. Merk: Prosjektet til Dragegjengen, som var løvd pengar til i 2019, er meldt korona-utsett.

4. Økonomi: budsjett, driftskonto og Audhilds Minnekonto.

Status pr. 28.9. gjennomgått.

Sak til neste styremøte: styrehonorar og reiserekningar. Sitjande styre har ikkje kravd utbetalingar i samband med møte eller andre treff. Vi drøftar dette ut frå lagsvedtekten.

5. Samarbeid med S&FJ / Vestland fylkeskommune

- Samarbeidsgruppa med SFFL er oppretta og i gang.
- Per Øyvind møtte på drøftingsmøte i samband med Vestland fylkeskommune si utgreiing av musikarordningane 27.august. Referat og framlagde notat frå møtet er send ut.
Oppsummeringa syner at aktørane ynskjer å utvide distriktsmusikarordninga.
Saka skal handsamast politisk i oktober (Vestland FK). Vi følgjer med på saka vidare.

6. Folkemusikkstipend Vestland Fylkeskommune

HFL har delteke i innstillinga, som Vestland FK har fylgt. Utdeling vert under Osafestivalen. Vi merkjer oss at talet på søknader var noko høgare i år, men at tidlegare Sogn og Fjordane var sterkt underrepresentert i denne runda. Vi reknar med dette vil endre seg til neste år, når ordninga gjerne er meir kjent i nord-delen av fylket.

7. Spørsmål om rydding av HFL-arkiv på Verftet, frå Marius Romslo, Musikkens studieforbund.

Per Øyvind tek kontakt undersøker kor mykje det er snakk om, og når det må hentast. Vidare er det interessant å finne ein permanent stad å arkivere HFL-eigedelar.

8. Representantskapsmøte 2020 ved Norsk senter for folkemusikk og folkedans 12.oktober, med utdeling av Folkemusikk- og folkedansprisen 2020. Møtet vert halde fysisk i Trondheim, og digitalt på Teams. Per Øyvind melder seg på, mogleg Alexander også.

9. Info til lokallaga

I samband med avlyst Vestlandskappleik, og føreståande utdelingar av folkemusikkstipend og minnepris, kan det høve med ei ny runde med info til lokallaga. Per Øyvind lagar eit utkast.

Innhald:

- Utdelingar av stipend og minnepris
- Arrangør til Hordamønstringa 2021
- Arrangør til Vestlandskappleiken 2021
- Oppmuntrande ord til lokallaga i ei utfordrande lagsarbeids-, samspels- og samdanstid.